



Arkivnr: 2016/2418-67

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik, Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		08.06.2016

Stønad til tiltak til Kulturtiltak - amatør

Samandrag

Tilskot til Kulturtiltak – amatør kan løyvast til organisasjonar, grupper, lag og andre som skipar til kulturtiltakprosjekt innan ulike kulturfelt og sjangrar knytt til det frivillige kulturlivet i Hordaland. Løyvingane frå ordninga skal stø opp under gjennomføringa av Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk i tråd med Regional kulturplan, stimulere til aktivitet, og sikre innbyggjarar rundt om i fylket høve til å delta i eit mangfaldig kulturliv.

Det er tildeling to gonger i året etter søknadsfrist 1. april og 1. september. Det er tildelinga for våren 2016 som no blir lagt fram.

Tiltak som får støtte gjennom denne ordninga skal vere særskilde tiltak, større samarbeidsprosjekt som ligg utanfor ordinær drift av organisasjonar. Stønad til drift til fylkesorganisasjonar går gjennom anna ordning som vert lagt fram som meldingssak for Kultur- og ressursutvalet i august-møtet, og som for 2016 har 1.000.000 kroner til fordeling.

For 2016 er det 900 000 kroner til rådvelde til Kulturtiltak – amatør, der minst 500 000 kroner av desse skal gå til tiltak som gjeld barn og / eller ungdom. Fylkesrådmannen sin innstilling til fordeling for våren 2016 er til saman 549 000 kroner, der 354 000 av desse går til tiltak som gjeld heilt eller delvis barn og / eller ungdom. Det står såleis att 351 000 kroner til fordeling etter søknadsfristen 1.september, der minst 146 000 kroner av desse skal gå til tiltak som gjeld barn og / eller ungdom.

Det er i denne saka 64 søknader til vurdering. Søknadssummane varierer frå 3 000 kroner til 60 000 kroner. Samla søknadssum er 1 548 400 kroner.

Løyvingane frå denne ordninga går frå budsjettpost 400.740. – *Stønad etter vedtak*. Kulturtiltak – amatør er i denne nemnt i to postar: 400.740.04 – *Kulturtiltak amatør* (400 000 kroner) og 400.740.06 – *Kulturtiltak barn og ungdom – amatør* (500 000 kroner).

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver 546 000 kroner over budsjettpost 400.740., slik:

	Søkjar	Tilrådd
1	AKKS BERGEN	18000
2	AKKS BERGEN	10000
3	AKKS BERGEN	8000
4	Aldateateret	Avslag
5	AMATØRKULTURRÅDET I BERGEN	Avslag

6	AUDIATUR BOKHANDEL AS	Avslag
7	BERGEN DØVESENTER	18000
8	Bergen Ungdomsstorband (BUS)	15000
9	BERGEN VEST SENIORTEATER	8000
10	BERGEN VISEFORUM	10000
11	BERGEN VISEFORUM	15000
12	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	10000
13	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	6000
14	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
15	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	8000
16	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
17	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
18	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
19	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	5000
20	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Avslag
21	BLASTPHEMY PRODUCTION AS	22000
22	BÅTLAGET NJORD/TYSNES	Avslag
23	CISV NORDHORDLAND	18000
24	DE UNGES ORKESTERFORBUND HORDALAND	15000
25	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	12000
26	Epwisef Association	10000
27	FANA UNGE STRYKERE	Avslag
28	FITJAR SKULEKORPS	Avslag
29	FJORDABAATANE	20000
30	Florvåg Skoles Musikkorps	Avslag
31	FOLKEAKADEMIET HORDALAND	5000
32	Frank Flæsland	8000
33	GEORG JOHANNESSEN-SEMINARET	12000
34	HAUGALAND KRETS NORGES KFUK KFUM	Avslag
35	HAUGALAND KRETS NORGES KFUK KFUM	20000
36	Hylkje Vel, Fritidsklubb	Avslag
37	Irene Tillung	Søknad trukket
38	Janne Robberstad	25000
39	KETIL KINDEN ENDRESEN	Avslag
40	KLEPPE GRENDAALAG	Avslag
41	Kunst- og designhøgskolen i Bergen	Avslag
42	Kvam Kulturskule, Kvam herad	15000
43	Kvemmadokkje Husmannsplass	15000
44	lillianne førgaard	Avslag
45	Neeta Sankholkar	Avslag
46	Norhordaland Kunstlag	8000
47	Radio tamil Bergen	10000
48	Samnanger kommune	Avslag
49	SN REGION HORDALAND	17000
50	SOMMERSTRYK	20000
51	SOTRA FOLKEDANSLAG	Avslag
52	SOTRA FOLKEDANSLAG	5000
53	STIFTINGA TRELLEVIK	Avslag
54	STORD FILMKLUBB	15000
55	STRILEN ARTIST- OG VISEKLUBB	15000
56	SUNNHORDLAND KAMMERORKESTER	12000
57	TERTNES SKOLES MUSIKKORPS	20000

58	Torgdagen i Bergen	20000
59	ULRIKEN JANITSJAR	Avslag
60	UNISON AS	25000
61	Vestnorsk Ungdomsorkester	15000
62	Vidar Lehrmann	12000
63	Voss Jazzskule	15000
64	Voss Spelemannslag	12000
	SUM	549000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.05.2016

Ved søknadsfrist 1. april i år var det komne inn 63 søknader til vurdering i denne ordninga. To av desse er tilrådd avslag i denne ordninga og er i samråd med søker flytta over til ordninga «Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell». Ein søknad frå ordninga «Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell» er i samråd med søker flytta over til denne ordninga.

Søknadssummane varierer frå 3 000 kroner til 60 000 kroner. Samla søknadssum er 1 548 400 kroner.

Summen å fordela er 900 000 kroner for dette året. Det er tradisjonelt fleire søknader ved vårfristen, då det er høg aktivitet i sommarsesongen. Fylkesrådmannen sin innstilling til fordeling for våren 2016 er til saman 549 000 kroner, og det står såleis att 351 000 kroner til hausttildelinga.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vart orientert og vedtok i sak 19/2016, retningslinene for den nye ordninga slik:

Kulturtiltak – amatør

Ramme:

Det er sett av 900.000,- kroner i 2016, der minst 500.000,- kroner av desse skal gå til tiltak som gjeld barn og / eller ungdom.

Det er overført midlar til denne ordninga frå tilskotsordninga for Driftstilskot til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar. Det vert lagt fram eige sak om driftstilskot til slike organisasjonar, og der er det tilrådd at den ordninga skal vere meir kvantitativt berekna ut frå medlemstal, geografisk breidde, ungdomsdeltaking ol. Dei organisasjonane som får driftstøtte frå ordninga kan i tillegg søkje om aktivitetsstøtte gjennom Kulturtiltak – amatør. Det er sett av meir enn halvparten av tilskotssummen til barne- og ungdomstiltak.

Det vert vanlegvis gitt tilskot opp til 30.000,- kroner i denne ordninga.

Føremål:

Løyvingane frå ordninga skal stø opp under gjennomføringa av Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk i tråd med Regional kulturplan, stimulere til aktivitet, og sikre innbyggjarar rundt om i fylket høve til å delta i eit mangfaldig kulturliv. Tilskotsordninga skal særleg leggje vekt på følgjande føremål:

- *Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.*
- *Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle.*
- *Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv*
- *Berekraftig utvikling og forvaltning av landskap, miljø og anlegg skal gje grunnlag for eit rikt kulturliv i heile fylket.*
- *Kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping.*

Barn og ungdom har spesiell merksemd.

Kriteria:

- *Støtte prosjektet/tiltak som er i tydeleg samsvar med viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025.*
- *stimulere til mangfaldig kulturaktivitet rundt om i fylket, både når det gjeld innhald og deltaking.*
- *stimulere til kontakt, samhandling og nettverk for/i amatørkulturlivet i fylket*
- *gje høve til å prøve ut nye prosjekt og tiltak som kan vere med på å vidareutvikle kulturlivet i Hordaland, t.d. vere pilotprosjekt som vil ha overføringsverdi til andre.*
- *gje barn og ungdom sjølv høve til å prøve ut nye aktivitetar og tiltak som kan vere med på å vidareutvikle kulturlivet i Hordaland.*

Elles gjeld:

- *Løyvingane skal gå til tiltak/prosjekt som er av ein slik art at det har tydeleg regional interesse og / eller nedslagsfelt.*
- *Prosjektet/tiltaket skal oppfylle mål i Regional kulturplan.*

- Denne ordninga skal støtte tiltak som har kulturelt innhald som hovudføre mål
- Der tiltaket er særskild retta mot barn og/eller ungdom vert dei tiltaka der desse er aktivt involvert i utvikling og gjennomføring prioritert.

Det vert ikkje gitt støtte til følgjande:

- deltaking på seminar, studiereiser ol.
- Profesjonell kunst- og kulturverksemd. Det kan gis tilskot til samarbeidsprosjekt mellom profesjonelle og amatørar.
- Innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrumenter.
- Ordinær drift av organisasjonar, lag, grupper og tilsvarande
- Underskotsgaranti
- Produksjon og utgjeving av skjønnlitteratur og musikk.
- tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale institusjonar - t.d. vidaregåande skular
- prosjekt som hovudsakleg går føre seg i skuletida
- Særorganisasjonar for ungdom under utdanning
- utanlandsreisar. Unntak kan vere der ei gruppe er kvalifisert til konkurranse ol.
- Tiltak som har idrett og friluftsliv som hovudføre mål

Felles retningslinjer for Kulturtiltak – amatør, Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell, Større kulturprosjekt med regional verdi:

- Ordningane skal ha søknadsfrist to gonger i året
- Det skal nyttast nettbasert søknadsskjema
- Søknad om støtte til eit og same tiltak blir vanlegvis berre handsama ein gong i løpet av eit budsjettår.
- Organisasjonar/institusjonar som tek i mot driftsstøtte frå HFK kan søkje tilskot frå desse ordningane om det gjeld til særskilte tiltak, slik som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving.
- Økonomisk gjennomføringsevne og realisme i prosjekt er viktig, og søknaden vert såleis avslått dersom det ikkje er rom for å løyve minst 1/3 av søknadssum. Søkjar kan evt. legge fram alternativ finansieringsplan/skalert budsjett.
- Hordaland fylkeskommune fullfinansierer normalt ikkje prosjekt, og det vert venta at søkjar budsjetterer med andre kjelder for finansiering.
- For fagleg oppfølging og vurdering må dei som søker om tilskot til arrangement på førespurnad kunne gje akkreditering til inntil 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga.

Vurdering av regional verdi

I tråd med kulturlova skal kommunane gjennom organisatorisk og økonomisk tilrettelegging sikre eit breitt lokalt kulturtilbod. Kommunane har førstelinansvar i kultur- og idrettspolitikken, noko som inneber å sikre eit mangfald av tilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunane skal ikkje overta kommunane sitt lokale ansvar, men ha oversyn og sikre tilgjenge til spesialiserte kulturtilbod innan ein viss reiseavstand. Omsynet til fylkeskommunen si regionale utviklarrolle skal liggje til grunn for tilskotsforvaltninga. Omgrepet regional viser her til to prinsipielle hovudkriterium:

1. Geografisk kriterium (geografisk nedslagsfelt og verkeområde):
Om den aktuelle verksemda eller tiltaket omfattar fleire kommunar og/eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå meir enn ein kommune.
2. Funksjonskriterium (regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg):
Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Omsynet til fagleg kvalitet og graden av nyskaping m.m. kan også liggje til grunn for at ein institusjon eller eit tiltak har ei regional rolle. Også der det gjeld særleg smale felt, kan ein institusjon eller eit tiltak ha ein regional funksjon i kraft av eksklusivitet og særlege kvalitetar og føremoner.

I vurderinga av om kravet til regional tyding er oppfylt i det einkilde høve, kan det vere naturleg å sjå geografi- og funksjonskriteria i samanheng. Det vert vidare lagt vekt på følgjande omsyn (i uprioritert rekkefølge):

- I kva grad tiltaket oppfyller satsingar i Regional kulturplan.

- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket.
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket.
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt.
- Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers.
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet.
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger.

I høve amatørar, som er aktuelle i ordninga Kulturtiltak – amatør, vil det bli lagt meir vekt på i kva grad tildelinga skapar aktivitet, kor mange som tek del, i kva grad tiltaka skapar lokalt/regionalt engasjement og om tiltaket bidreg til eit levande kulturliv for allmenta i regionen.

Nokre større festivalar får årleg støtte frå Hordland fylkeskommune sitt kulturbudsjett. I tillegg har fleire festivalar søkt prosjektstøtte frå tidlegare ordningar som t.d. Ålmenne kulturføremål. Som eit tiltak i regional kulturplan skal det utarbeidast retningsliner for fylkeskommunal stønad til festivalar og store kultur- og idrettsarrangement. Desse er førebels ikkje ferdigstilte, men fylkesrådmannen legg her fram forslag til omsyn og vurderingskriteria som - i tillegg til skal ligge til grunn for prioriteringar for festivalstøtte:

- festivalen sin eigenart, kunstnarlege profil og vilje til utvikling av det kunstnarlege uttrykket
- formidlingsevne og publikumsoppslutning
- festivalane som tradisjonsberarar
- soliditet, effektivitet og profesjonalitet i festivalorganisasjonen
- festivalens si tyding/forankring i eigen kommune og region
- tilskot til festivalen frå kommune og stat

Vurdering av søknader ved vårtildelinga 2016

Det er moegeleg å løyve midlar til årvisse/jamne tiltak. Slik fylkesrådmannen ser det er det likevel viktig at prosjektmidlar ikkje vert bundne opp til slike tiltak slik at aktørane ser støtta som driftstilskot. Søkjar må vere merksam på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse.

Denne søknadsordninga skal gå til kulturtiltakprosjekt innan ulike kulturfelt og sjangrar knytt til det frivillige kulturlivet i Hordaland, men det er høve for at prosjekt / tiltak kan vere arrangert i samarbeid mellom frivillige og profesjonelle kulturorganisasjonar. Fleire organisasjonar er også ei blanding mellom frivillig og profesjonell, til dømes med aktive frivillige medlemmer og dagleg leiar tilsett, evt. amatørar som deltek saman med profesjonelle kunstnarar. I denne ordninga er dei fleste søkjarane frå det frivillige organisasjonslivet. Det vil seie at forholdsvis små summar kan vere utslagsgjevande for om ein kan gjennomføre det omsøkte prosjekt / arrangement. Dei søkjarane som er frå profesjonelle organisasjonar har søkt til eit prosjekt som gjeld eit samarbeid med det frivillige kulturlivet. Ein søkjar frå ein profesjonell organisasjon er flytta til ordninga «Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell» då det profesjonelle i søknaden vart vurdert som for sterkt til å verte prioritert i denne ordninga. I samarbeidsprosjekt /-tiltak mellom frivillige og profesjonelle kulturorganisasjonar står vektlegginga av det frivillige i søknaden sterkt.

Det fylkeskommunale ansvaret gjeld kulturoppgåver som har verdi for heile fylket eller større delar av det. Reint lokale tiltak har kommunane eit ansvar for – spesielt når det gjeld barn og unge. Ein del av søknadene ein handsamar er av meir lokal karakter. Nokre av dei kjem frå tiltak i kommunar med svært låge kulturbudsjett. Men fylkesrådmannen ser det som viktig at vi opprettheld at tiltaka vi støttar skal ha regional karakter, og at mindre lokale kulturarrangement er eit kommunalt ansvar.

Kva som er lokalt/kommunalt ansvar eller har regional verdi er eit prinsipp som ikkje alltid let seg praktisere like lett, og ein må jamt bruka skjøn. Fylkesrådmannen har praktisert dette ved å gje stønad til turnear, tilskipingar e.l. som anten femner om minst to-tre kommunar, eller som det er grunn til å tru vil samla deltakarar/publikum frå fleire kommunar. I tillegg kan den regionale verdien ligge i at eit prosjekt er nyskapande – dvs. pilotprosjekt som kan ha overføringsverdi og erfaringsverdi for andre.

Ein ser ein del gjengangarar i søknadsbunka frå dei tidlegare ordningane *Særlege tiltak for barn og unge* (aktivitetsstønad) og *Ålmenne kulturføremål*, og det kan også vere vanskeleg å definere kva som er drift og

kva som er særskild tiltak/prosjekt. Er f.eks. årlege hendingar drift eller einskildtiltak? Desse tilskotsordningane skal ikkje gå til ordinær drift og ein kan jo diskutere om ein festival eller årleg sommarskule er tiltak eller drift. Der er ein del tiltak/søklarar fylkesrådmannen har vald å gje stønad til gjennom fleire år gjennom dei tidlegare ordninga, dette er oftast relativt små summer. Uansett vil ein opplyse om at denne stønaden ikkje kan reknast som fast, og at det ikkje alltid er grunna i søknad eller tiltak i seg sjølv om støtta går opp og ned. Det er viktig at vi i denne ordninga ikkje vert låst i forventningar om å gje stønad kvart år. Forutsigbarheit er sjølvsagt viktig for organisasjonar, men denne ordninga skal ikkje utgjere grunnlaget i finansieringsplanen. Det er viktig å ikkje binde midlane alt for mykje opp i desse tiltaka, sjølv om dei er gode. Vi må også gje rom til det meir nyskapande og for kulturhendingar som går i front for å vidareutvikle kulturlivet i fylket.

Det er spesielt viktig i høve til desse etablerte aktivitetane å skilje lokalt/kommunalt ansvar og fylkeskommunen sitt meir regionale utviklaransvar. Fylkeskommunen støttar til dømes ikkje lokale korps- og speidargrupper. Nokre av desse søknadene/tiltaka er av lokal karakter og såleis ikkje under fylkeskommunen sitt område, i tillegg er fylkesrådmannen klar over at om ein løyver til tiltak innan det organiserte kulturlivet som til dømes lokale korps- eller speidargrupper, vil det kunne skape presedens for vidarehandsaming av seinare søknader. Fylkesrådmannen ser det som viktig at vi i denne ordninga også har rom for å støtte prosjekt og tiltak initiert og organisert av unge sjølv, også utanfor dei etablerte organisasjonane. Fylkesrådmannen har vidare lagt til grunn og prioritere opne arrangement, og ikkje reint organisasjonsinterne arrangement.

Når det gjeld fylkesledd til korps- og speidargrupper, gir fylkeskommunen noko driftsstønad gjennom ordninga «Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar». Føremålet med denne driftstilskotsordninga er å leggje til rette for barn og ungdom si deltaking og engasjement i organisasjons- og samfunnslivet. Organisasjonar som kan ta i mot driftstilskot må vere frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar med regionalt virke og med minst 50 teljande medlemmer totalt i Hordaland fylke.

Ordninga «Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar» har frå og med 2016 nye retningslinjer (sak 2015/898-144) som gjer at driftsstønaden i denne vert berekna ut i frå medlemstal, geografisk breidde, ungdomsmedverknad mv. Slik vil dei fylkeskommunale midlane i «Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar» vere reine driftsmidlar og ikkje ei blanding mellom driftsmidlar og aktivitetsstøtte. Den summen som i den tidlegare ordninga vart fordelt etter grunnstønad og medlemsstøtte har fått ei auke på omlag 20 %. Organisasjonane får dermed ei auke i sine frie midlar. Den summen som i den tidlegare ordninga («Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar») vart fordelt med grunnlag i aktivitet, er lagt inn i tilskotsordninga «Kulturtiltak – amatør». Ein konsekvens av dette er at aktivitetane til organisasjonar som kvalifiserer til støtte frå «Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar» no skal verte godkjent i «Kulturtiltak – amatør», der det m.a. er krav om kulturinnhald i kvart prosjekt / tiltak. Det er i år 4 organisasjonar, med til saman 13 søknader, i «Kulturtiltak – amatør» som kvalifiserer til driftsstønad frå ordninga «Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar».

I oversikta som er vedlagt har fylkesrådmannen gitt ein indikasjon på grunnen til innstilling på tildeling/avslag. Det er mange søknader med ei høg samla søknadssum. Det har difor ikkje vore mogleg å innfri total søknadssum utan at ein hadde vore naudt til å velje vekk for mange søklarar. Elles er det viktig å ikkje ta kvar kommentar som ei fyldestgjerdande forklaring/grunngeving for tildeling/avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.